



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 22.10.2019 kl. 00:00
Stad: ASKVOLL

Følgjande medlemmer deltok i avstemminga (hastesak pr. e-post):

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Else Stølen	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Terje Mork	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
FR 2019/46		Tilstandsanalyse Vilnes kyrkje	RUNE ZIENER

Askvoll, 24.10.2019

Rune Ziener
referent

FR 2019/46 Tilstandsanalyse Vilnes kyrkje

UTGREIING

Klimaskalsikring er eit satsingsområde i 2019, der dept. har sett av 7 millionar til istandsetting av «klimaskalet» på utvalde freda og listeførte kyrkjebygg. 60 kyrkjebygg i landet er på lista, derunder både Holmedal og Vilnes kyrkje.

Tilskotet utgjer 60% av prosjektkostnaden, avgrensa oppad til kr 600.000,-. Tilskot under kr 200.000,- vert ikkje gjeve.

Her er knappe fristar. Tilskotsordninga vart utlyst 4. oktober med *søknadsfrist 3. november*. Det er forutsett at prosjekta vert gjennomført vårhalvåret 2020. Riksantikvaren forvalter ordninga.

Når det gjeld Holmedal kyrkje, er ein allereie inne i ein prosess, og ein arbeider med framskynda finansiering for å komme i betraktning for tilskot.

Vilnes kyrkje:

Her veit ein at det er ein del fuktskadar som bør utbetrast, men ein har ikkje ein full tilstandsanalyse på kyrkja. Akasia kan gjennomføre ein slik innan fristen for søknad om tilskotsmidlar, og kan komme til staden tidleg i neste veke. Kostnad for tilstandsanalyse, inkludert prosjektplan som søknadsvedlegg, vil vere kr 66.800,- for full analyse, og kr 50.000,- for berre klimaskalet. Ei grundig tilstandsvurdering er nok ein føresetnad for å komme i betraktning for tilskotstildeling, og vil i alle høve vere nyttig, og AU ønskjer å få utført ein slik. Ein har kr 254.000,- i fondsmidlar til Vilnes kyrkje som er mogleg å nytte. Av tidsomsyn vil ein ikkje få til soknerådsmøte med budsjettjustering før fristen, så AU legg opp til eit hastevedtak pr. e-post for å forankre dette i rådet.

Med disponible fondsmidlar pr. i dag, vil ein med tilskotet kunne finansiere eit prosjekt på Vilnes kyrkje på om lag 0,5 millionar.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd nyttar bunde fondsmidlar, inntil kr 67.000,- for å utarbeide full tilstandsanalyse for Vilnes kyrkje, eventuelt samt gjennomføringsplan som del av søknadsgrunnlaget for tilskotsmidlar til klimaskalsikring av kyrkjebygget.
2. Dette vert innarbeidd i budsjett for 2019.

MØTEHANDSAMING

Saka vart hastehandsama pr. e-post, der det vart bedt om tilbakemelding seinast innan to dagar på om ein kunne gå for innstillinga.

9 medlemmer (samt to varamedlemmer) meldte tilbake at dei støtta innstillinga, så her var eit klart fleirtall for denne.

VEDTAK

1. Askvoll sokneråd nyttar bunde fondsmidlar, inntil kr 67.000,- for å utarbeide full tilstandsanalyse for Vilnes kyrkje, eventuelt samt gjennomføringsplan som del av søknadsgrunnlaget for tilskotsmidlar til klimaskalsikring av kyrkjebygget.
2. Dette vert innarbeidd i budsjett for 2019.